


REFERAT FRÅ LEIARMØTE - DET HUMANISTISK FAKULTET

Uke: 24/2016

Tysdag 14.juni2016 kl 09.00 – 10.30 på møterom A 214 i Hagbard Lines-huset

Sak 1	Referat fra møte den 24.5.2016	Saksansvarlig: Ingunn Folgerø
Vedlegg:	Referat fra 24.5 er send leiargruppa tidlegare	
Forslag:	Referatet vert godkjend	
Vedtak:	Godkjent	
Sak 2	Økonomi	Saksansvarlig: Elaine/Ingunn/Synnøva
Vedlegg:		
Emne/kort beskrivelse		
Oppsummering:	Synnøva gav ein kort økonomistatus. Det viser mindreforbruk i større grad enn venta. Det skuldast ulike årsaker, og me identifiserte mellom anna at det er vanskeleg å få tak i folk til ledige stillingar. Sjukefråværet har også gjeve inntekter som er høgare enn estimert.	
Sak 3	Uniped	Saksansvarlig: Elaine/Jorunn /Vegard
Vedlegg:		
Emne/kort beskrivelse	Vegard Moen, saman med Nettopp, presenterte workshops for tilsette rundt digitale undervisningsformer, til dømes i form av flipped class room med bruk av film.	
Oppsummering:	Mail vart send ut etter møtet, der leiarane oppmodast til å be undervisarar delta. Påmeldingsfrist 1.september.	
Sak 4	Studieportefølje	Saksansvarlig: Elaine/Aslaug
Vedlegg:		
Emne/kort beskrivelse	Aslaug har fått innspela ho treng til studieporteføljesaka. Ho minna om fristen for kommentarar på overbooking, som er den 15.juni. I tillegg spela me inn ønske om ekstra tildelte studieplassar, som vart send UIS denne veka: Me ønskjer fleire studieplassar på GLU 1-7, samt studieplassar til å styrke digitale ferdigheiter.	
Oppsummering		
Sak 5	HMS-oppfølging av PhD	Saksansvarlig: Ingunn
Vedlegg:	 sjekklister_introduk 16041	
Emne/kort beskrivelse	PhD-studentane sine rettar og oppfølging av desse. Sjekklister for introduksjon av nyttilsette skal nyttast også for PhD-kandidatane.	

Oppsummering:	I tillegg til å minne om introduksjonsprogram for nytilsette, førebudde leiargruppa HMS-møte med Halfdan og Gry Åse den 14.6.2016. Det verkar å vere god struktur på HMS-arbeidet. På forbetningsområde til HMS-avdelinga påpeika me leiarar si HMS-opplæring. Den bør digitaliserast, og gjerast meir fleksibel.	
Sak 6	Orienteringar	Saksansvarlig: Elaine/Ingunn
Vedlegg:		
Emne/kort beskrivelse	<p>HG – anbod er no ute, og skal takast stilling til etter 6.september. Planlagt byggestart ca oktober.</p> <p>Idrettsbanen – nå gjenstår berre banedekke på banen, så kan den opnast</p> <p>Frå sektoren- Elaine er med i arbeidet om ei ny Stortingsmelding som skal kome i 2017, som mellom anna inneheld synspunkt på bruk og planlegging av kompetansehevingsmidlar og satsingar i sektoren.</p> <p>Ekstra studieplasser: Sjå sak 4</p>	
Oppsummering:		